

**Kommunen har framleis ikkje fått til eit samarbeid med fylkeskommunen om vintervedlikehaldet av den 900 meter lange strekka frå Musland til Friheim, påpeikar Møyfrid Kristoffersen i eit brev til kommunen. Dette undrar ho seg over og skriv mellom anna:**

'I år som i fjor har fylkeskommunen tatt ansvar for si vegstrekka (frå Kapteinsgarden til snuplassen på Øvre Musland), og her sett opp brøytestikker. Men når det gjeld den farlegaste strekka, som kommunen eig, så er det heller ikkje sett opp brøytestikker dette året.

Strekka eg snakkar om er bratt og svingete og der er høgt utføre på sida av vegen. Der er heller ikkje autovern på strekka, tiltross for at der på einskilde område er fleire meter rett ned, på sida av vegen.

I fjor fekk eg tilbakemelding om at det var opp til kontraktøren og eventuelt setje opp slike stikker. Er det ikkje eigar som må seie kva behov som ligg føre/kva dei ønskjer utført? Brøytestikkene er ikkje kun for den som skal vedlikehalde, dei er også "retningsgjevande" for dei køyrande – når vegen elles ikkje er så tydeleg. I fjor vinter var det cm om å gjere før eit køyrety tippa utfor på eitt av desse høge partia.

Vinteren før var det eit tilfelle der ein nabo ikkje kom seg heim – han kom til snuplassen (dit fylket hadde strøydd), men det var ikkje mogeleg å kome seg lenger på glatta. Han måtte venta hjå ein annan nabo, medan det vart ringt til vakthavande i kommunen og denne fekk organisert strøing.

Skulebussen køyrer mange gongar til dagen på denne vinter-farlege strekka, og det bidrar til at eg for min del vurderer denne saka som svært alvorleg; smal veg, bratt nedover/oppover bakke, høg tutfor på sida av vegen, ingen autovern, ingen brøytestikker, og gjerne for seint strøydd/brøyta.

Kommunen eig også vegen på Kjærlandssio. Det vil seie at dei om vinteren pløyer/strør ei vegstrekka på ca 3 km, for så å køyre "med plogen oppe" i 4,5 km (fylket sin veg) og så pløye/strø 900 meter – og det same på returen.

Fylkeskommunen pløyer/strør 7,5 km og snur så ned dalen igjen. I staden for at dei kunne tatt desse siste 900 m i same slengen (les den farlege strekka), i eit samarbeid med kommunen. Alle som tenker over dette ser at det er forkasteleg både sikkerhetsmessig, samfunnsmessig og økonomisk.

Eg ber om snarleg tilbakemelding på kva kommunen har for planar med vintervedlikehaldet på denne strekka. Ber også om tilbakemelding på kva som er gjort for å få til eit samarbeid med fylkeskommunen.'